



Fråtrekk av frávær

Hovudregelen er at alt frávær frå dei tre åra på ungdomstrinnet skal førast på vitnemålet. Dette vert ført som dagar og enkelttimar. Enkelttimane kan ikkje gjerast om til dagar.

Eleven kan likevel krevja at inntil 10 skuledagar pr. skuleår ikkje blir ført på vitnemålet, dersom det kan dokumenterast at fráværet er skulda ein av grunnane som er lista opp i forskrifta §3-47 femte og sjette ledd.

a. Helsegrunnar.

Dette skal dokumenterast med legeerklæring. Fráværet må ha vart i meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med den fjerde dagen som kan strykast. Om fráværet er skulda funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fráværet strykast frå første dag.

b. Innvilga elevpermisjon etter opplæringslova §2-11

Det er utarbeidd eige skjema for søknad om elevpermisjon. Denne finn du på skulen si heimeside.

Permisjon frå undervisninga er innvilga når kontaktlærer eller leiing innvilgar fri etter retningslinjene på søknadsskjemaet. Permisjon frå undervisning som ikkje er innvilga, der frávær blir registrert som vanleg frávær, gir ikkje rett til fråtrekk.

Merk at ved sjukefrávær, må legeerklæring leggjast fram om det skal koma inn under punkt a.

I tillegg til dette kan eleven eller føresette be om at det blir lagt ved eit vedlegg til vitnemålet som seier noko om årsak til frávær. Det vil då vere føresette eller eleven som har ansvar for å dokumentera årsaka til fráværet og krevje at dette føres på vedlegget.

Dersom elevar har stort frávær, kan det føre til at læraren ikkje får eit tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag. I den samanhengen er alt frávær, frávær. Ein skil ikkje på om dette er dokumentert ved legeerklæring eller ein har fått permisjon.

Fristar:

På Lye ungdomsskule må føresette sjølv be om fråtrekk av frávær for gjeldande skuleår. Dette skjer ved å henvenda seg skriftleg på fastsett skjema til rektor. Dagane må spesifiserast. Rektor vurderer om grunnlaget for fråtrekk av frávær er til stades.

Skjemaet finn du på skulen si heimeside.

Frist for å søkja om fråtrekk av frávær er 31. mai.

Rektor